



Forskarane er sterkt engasjert i korleis det går med Uskedalselva. Her er ein av dei i gang med elektrisk fiske. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har ikkje vore nokon stor fiskesesong fordi det stort sett har vore for lite vassføring i Uskedalselva. Men det er ingen tvil om at det er meir laks i elva enn før. Dette er den førebelse konklusjonen som oppsynsmann og veteranfiskar Arne Terje Haugland kjem med til uskedalen.no

Sjølv har han vore mykje borte frå bygda og elva denne sommaren, men har har i alle fall klart å fanga fem laks og 14 aure. Den største laksen vog noko over seks kilo og den største auren 2,8.

- Eg er godt fornøgd, seier Arne Terje.
- Men kva så med lusplaga?
- På dei fiskane eg har fanga har det ikkje vore mykje lus og heller ikkje mykje skader etter lus. På den andre sida har jo forskarane avslørt at det har vore mykje lus på fisken ved utløpet av elva, påpeikar Arne Terje.



Arne Terje Haugland med fjorårsfangst: - Ingen stor sesong i 2008.

No kjem han med ei sterk oppmoding til dei fiskarane som har fått skjellprøvekonvolutt av han og som har fått fisk:

- Send inn konvoluttane denne veka! For forskarane er ei skjellprøve av ein fisk like viktig som når ein kriminalforskar leiter etter DNA frå ein kriminell person. Utfrå desse prøvane kan ein lesa det meste om ein fisk – til og med kva for eit oppdrettsanlegg han kanskje har rømt ifrå. Difor er prøvene svært viktige for den vidare forskning og for kva forskarane finn ut om fisken i ei elv dei ofrar stor merksemd.

Etter det Arne Terje har fått rapport om er det teke tre laksar på over sju kilo i elva denne sesongen og den tyngste var på 7,2. Og det er teke mange på både seks og fem kilo. Oppsynsmannen rosar fiskarane for fin framferd langs elva og er glad for å kunne slå fast at det er berre ein fiskar han ikkje har vore fornøgd med. Vedkommande opptredte ikkje slik ein bør gjera når det er låg vass-stand. Ellers har han ikkje hatt noko å setta fingeren på. Fiskarane er trivelege folk og mange av dei rosar elva og det grunneigarane har gjort for å leggja til rette for fisket.

Det endelege fangstresultatet vil leiar av grunneigarlaget Kåre Vetthus kunne leggja fram om ei vekes tid.

Av Ola Matti Mathisen